

Søknad

Søknadsnr.	2012-0121	Søknadsår	2012	Arkivsak
Støtteordning	Bulyst 2012			
Prosjektnavn	Fjellfolk, havfolk og byfolk			

Kort beskrivelse

Prosjektet går ut på å byggje og utnytte småskala reiselivsaktivitet for å skape attraktive møteplassar, forsterka profilering, sesongarbeidsplassar for ungdom og veksande interesse for å busetje seg i lokalsamfunna i Jostedal og på Værlandet.

Prosjektbeskrivelse

Målet med prosjektet: Skape bulyst og attraksjonsverdi av naturbaserte reiselivsopplevingar i to ulike lokalsamfunn i Sogn og Fjordane.

Dei siste åra har kultur- og "livsstilskvalitetar" vorte nytta meir aktivt for å skape tilflytting til Sogn og Fjordane. Skimiljøet i Sogndal og Opera Nordfjord er døme på dette. Mange meiner at denne strategien langt på veg har lukkast i regionsentra som Eid og Sogndal. Vår utfordring er å få dette til i utkantbygder som Værlandet og Jostedalen. Greier vi å byggje eit miljø for naturoppleving som er sterkt nok til å overvinne avstandsulempene? Gjennom Bulyst-prosjektet ønskjer vi å finne ut om dette kan gjerast, og korleis vi må innrette oss for å få det til.

Parallelt med dette vil det bli eit fokus på ungdomsgruppa i desse lokalsamfunna. Å skape gode haldningar, kunnskap og forståing for dei naturkvalitetane desse samfunna har, hjå den oppveksande generasjonen er viktig m.a for heimflytting.

Etter at prosjektet er gjennomført må arbeidet vidareførast i eit samarbeid mellom grendalaga i bygdene og dei to etablerte naturinformasjonssentra (Breheimsenteret i Jostedalen og Norsk Sjøfuglsenter på Værlandet).

Etablerte arrangement må vidareførast av prosjekteigarane.

Nyetablering og tilflytting må forankrast i eit samarbeid mellom grendalaga og det kommunale tiltaksapparatet. Dette vil alltid vere ein kontinuerleg prosess.

Særskilt tilrettelegging for naturoppleving og arrangement knytta til naturoppleving kan tilretteleggast i samarbeid med vernestyresmaktene og gjennom private aktørar.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse	Poststed	Mobil
Søker/prosjekteier	Værlandet Vel og	6871 Jostedal	6871 JOSTEDAL	99438333

Funksjon	Navn	Adresse	Poststed	Mobil
	Jostedal Bygdelag			
Kontaktperson	Svein Norberg	6871 Jostedal	6871 JOSTEDAL	99438333
Prosjektleder	Audun Oddekalv	6986 Værlandet	6986 VÆRLANDET	-

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Jostedal: tidlegare motteke offentleg finansering til bygdeutvikling. Støtte motteken først og fremst frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, men også frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Spesifikasjon**Bakgrunn**

Det vert i mange samanhengar peika på at utkantane taper i konkurransen om tilflytting og arbeidskraft, fordi ein manglar urbane kvalitetar og variasjon i jobbtilbodet.

På den andre sida vert det også vist til "livsstilsflyttarar" som vel etableringsstad med basis i ekstreme kultur- og/eller naturverdiar.

"Reiselivet" vert ofte kritisert for å involvere seg lite i lokalsamfunnet eller for å vere så småskala og integrert at det i seg sjølv skapar lite verdiskaping. Jostedalen har gode erfaringar med både aktivitetsturisme og tradisjonelt tilflyttingsarbeid.

Vårt prosjekt går ut på å byggje og utnytte småskala reiselivsaktivitet for å skape attraktive møteplassar, forsterka profilering, sesongarbeidsplassar for ungdom og veksande interesse for å busetje seg i våre lokalsamfunn.

Målet er å nytte erfaringane frå begge lokalsamfunna, for å få eit nytt løft i tilflyttingsarbeidet. Sjølv om lokalsamfunna er ulike har dei også nokre fellestrekk.

Folketalsutviklinga i kommunane i Sogn og Fjordane dei siste tiåra syner at "taparane" i all hovudsak er dei lokalsamfunna med størst "avstandsulempar". I dette prosjektet ønskjer vi å sjå om dette er trendar som kan snuast dersom ein målmedvite arbeider for det.

Prosjekt mål

Hovudmål:

Skape bulyst og attraksjonsverdi av naturbaserte reiselivsopplevingar i to ulike lokalsamfunn i Sogn og Fjordane.

Delmål 1:

Utvikle nye naturbaserte reiselivsprodukt og vidareutvikle eksisterande i dei to lokalsamfunna.

Delmål 2:

Utvikle og forsterke attraktive møteplassar mellom turistar og lokalbefolkning.

Delmål 3:

Utvikle sommarjobbar (og i prinsippet heilårs-) for ungdom med basis i naturbaserte reiselivsprodukt. Gjennom prosjektet skal det arbeidast for at fleire av desse jobbane må bli "meir heilårsbaserte".

Delmål 4:

Få blesta bygdene våre og skapt gode miljø på ein måte som kan rekruttere nye folk. Utvikle og prøve ut rekrutteringstiltak for å nå desse.

Resultatindikatorar:

Utvikling i talet på naturbaserte reiselivsprodukt

Utvikling i talet på registrerte turistar

Utvikling i talet på arrangement med attraksjonsverdi utover eige lokalsamfunn

Utvikling i talet på reiselivsbaserte sommarjobbar

Få fleire til å velje å busetje seg i bygdene våre

Effektar (korleis måloppnåinga med prosjektet bidreg til måloppnåinga for Bulyst-ordninga):

a) Stabilisere eller auke befolkninga

"Livsstiltilflytting", sterkare profil og eit meir "spennande" lokalmiljø vil stabilisere folketalet.

Erfaringsmessig vil livsstiltilflyttinga få personar med høg formalkompetanse til å flytte.

b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplassar

Vi ser føre oss at nokre nye arbeidsplassar kan etablerast innanfor naturbasert opplevingsturisme. I tillegg arbeider vi for å få etablert ei SNO-stilling som Naturveileidar knytta til Norsk Sjøfuglsenter på Værlandet.

d) Auka innovasjon eller innovasjonsevne

Naturbasert opplevelingsturisme er innovativt i våre område. Auka kunnskap om kystlandskapet, brelandskapet og lokal flora og fauna kopla mot forsterka formidlingskunnskap vil kunne skape nye opplevingsprodukt. Her kan vi skape innovasjon ved å hente erfaringar frå t.d. Alpane og Skottland og implementere desse i vår unike natur.

f) Auka tilgjengelegheit (betre vegar, hamner, andre transporttiltak og breiband)

Møteplassar kan også vere infrastruktur som turstiar, utsiktspunkt og informasjonspunkt. Tilrettelegging av denne type infrastruktur vil på same tid tene både lokalsamfunnet og reiselivsnæringa. Effekten vert auka trivsel og auka legitimitet for den lokale reiselivsnæringa.

h) Gjere staden/kommunen/området meir attraktivt som bustad eller lokaliseringsval for bedrifter. i) Gjere staden/kommunen/området meir attraktivt som reisemål

Dersom vi lukkast med den lokale tilrettelegginga og marknadsføring av det lokale arbeidet vil vi ganske sikkert oppnå både reiselivseffekti og auke i talet på nyetableringar. Nye nasjonale og internasjonale nettverk vil også stimulere denne utviklinga.

Forankring

Måla med prosjektet er forankra i næringsplanane til dei to kommunane, i dei to reiselivsorganisasjonane Visit Fjordkysten AS og Reisemål Sogndal og Luster, og gjennom vedtak i styra for dei to grendalaga.

Prosjektorganisering

Prosjektet er organisert i eit samarbeid mellom to frittstående grendalag i to ulike kommunar (Askvoll og Luster) i Sogn og Fjordane. Desse to samfunna har ein del fellestrekk, men geografisk, topografisk, næringsmessig og kulturelt er dei svært ulike. Målet er at dei to lokalsamfunna kan lære av kvarandre og inspirere kvarandre. Her møtest fjellkultur og kystkultur, og vil trur at to pluss to blir minst fem.

Prosjektet har ei felles styringsgruppe som er samansett av to styremedlemmer frå kvart grendalag og ein prosjektleiar frå kvart grendalag. I kvart grendalag er det etablert ei arbeidsgruppe som skal støtte prosjektleiaren sitt arbeid med gjennomføring av tiltaksplanen.

Samarbeidspartnere

Askvoll og Luster kommunar
Grendalaga i Jostedal og på Værlandet
Breheimsenteret i Jostedalen
Norsk Sjøfuglsenter, Værlandet

Aktiviteter

- Skape attraktive møteplassar

Profilering

Skape sesongarbeidsplassar

Reiselivsutvikling

Lokale mobiliseringsprosessar, kultur- og naturarrangement, studieturar og liknande for å informere og involvere målgruppene.

Målgrupper

Prosjektet har fleire målgrupper inndelt etter dei ulike delprosjekta som vi vil arbeide med:

Attraktive møteplassar: næringsaktørar, lokale organisasjonar, turistar og lokalbefolkning. Det vil bli eit eige fokus på ungdom; korleis skape endå større interesse og engasjement hjå ungdommen i desse lokalsamfunna, for dei verdiane lokalsamfunna representerer.

Profilering: potensielle tilflyttarar og heimflyttarar, turistar.

Sesongarbeidsplassar: skuleungdom.

Reiselivsutvikling: lokale etablerarar og etablerte småskala reiselivsbedrifter.

Målgruppene skal informerast og involverast gjennom lokale mobiliseringsprosessar (folkemøte, framtidsverkstad, nettverksmøte og lokale heimesider), lokale kultur- og naturarrangement, reiselivsreklame og profileringsmesser (t.d. Framtidsfylket), studieturar og kontakt med andre regionar.

Det vil bli arbeid særleg mot arrangement, organisasjonar og miljø der ein veit "våre målgrupper" er til stades.

Resultat

Resultatindikatorar:

- Utvikling i talet på naturbaserte reiselivsprodukt
- Utvikling i talet på registrerte turistar
- Utvikling i talet på arrangement med attraksjonsverdi utover eige lokalsamfunn
- Utvikling i talet på reiselivsbaserte sommarjobbar
- Få fleire til å velje å busetje seg i bygdene våre

Effekter

Effektar (korleis måloppnåinga med prosjektet bidreg til måloppnåinga for Bulyst-ordninga):

a) Stabilisere eller auke befolkninga

"Livsstilstilflytting", sterkare profil og eit meir "spennande" lokalmiljø vil stabilisere folketalet.

Erfaringsmessig vil livsstilstilflyttinga få personar med høg formalkompetanse til å flytte.

b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplassar

Vi ser føre oss at nokre nye arbeidsplassar kan etablerast innanfor naturbasert opplevingsturisme. I tillegg arbeider vi for å få etablert ei SNO-stilling som Naturveileidar knytta til Norsk Sjøfuglsenter på Værlandet.

d) Auka innovasjon eller innovasjonsevne

Naturbasert opplevingsturisme er innovativt i våre område. Auka kunnskap om kystlandskapet, brelandskapet og lokal flora og fauna kopla mot forsterka formidlingskunnskap vil kunne skape nye opplevingsprodukt. Her kan vi skape innovasjon ved å hente erfaringar frå t.d. Alpane og Skottland og implementere desse i vår unike natur.

f) Auka tilgjengelegheit (betre vegar, hamner, andre transporttiltak og breiband)

Møteplassar kan også vere infrastruktur som turstiar, utsiktspunkt og informasjonspunkt. Tilrettelegging av denne type infrastruktur vil på same tid tene både lokalsamfunnet og reiselivsnæringa. Effekten vert auka trivsel og auka legitimitet for den lokale reiselivsnæringa.

h) Gjere staden/kommunen/området meir attraktivt som bustad eller lokaliseringsval for bedrifter. i) Gjere staden/kommunen/området meir attraktivt som reisemål

Dersom vi lukkast med den lokale tilrettelegginga og marknadsføring av det lokale arbeidet vil vi ganske sikkert oppnå både reiselivseffekt og auke i talet på nyetableringar. Nye nasjonale og internasjonale nettverk vil også stimulere denne utviklinga.

Tids- og kostnadsplan**Tidsplan**

01.01.2012 - 01.01.2014

Budsjettplan

Tittel	2012	2013	2014	2015	2016	SUM
Lokale tiltak (jf Handlingsplan)		200 000	200 000			400 000
Prosjektleiing (2*20% stilling)		200 000	200 000			400 000
Reiseutgifter, adm. møte mm		75 000	75 000			150 000
						SUM 950 000

Finansieringsplan

Tittel	2012	2013	2014	2015	2016	SUM
Eige arbeid (eigenaktivitet frå lokalsamfunna)		100 000	100 000			200 000
Eigenkapital frå grendalaga		37 500	37 500			75 000
Kommunal- og regionaldepartementet		237 500	237 500			475 000
Tilskot frå kommunane (Askvoll og Luster)		100 000	100 000			200 000
						SUM 950 000

Geografi

1426-Luster, 1428-Askvoll

Vedlegg

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato